

TYSVÆR KOMMUNE

KONTROLLUTVALET

ÅRSMELDING 2021



Utsyn frå Hest mot Borgøy

Foto: T. Hallsjø

KONTROLLUTVALET

TYSVÆR KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta og handsama i 2021.

I følgje kommunelova § 23-5 skal "**kontrollutvalet rapportere resultat av sitt arbeid til kommunestyret**".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit *lovpålagt* organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen og selskap som kommunen eig eller er deleigar i gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020 som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Utvalet er for valperioden 2019-2023 følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar **Ola S. Apeland** (H)
Nestleiar **Karsten A. Larsen** (Frp)
Medlem **Emly Årvik** (Ap)
Medlem **Svein Terje Brekke** (Krf)
Medlem **Marit Hølland Gjedrem** (Sp)

Varamedlemmer:

1. Lars Birger Baugstad (Frp)
2. ~~Jorunn Synnøve Stava (H)~~ (valt til anna utval)
2. Wenche Hellesund (V)
3. Inge Lundervold (Sp)
4. Henry Dybdahl (Ap)

Utvalseleiar Apeland er utvalet sin kommunestyreprerentant. Utvalseleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlata denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har i 2021 møtt ein gong. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn. Han har møtt på alle dei fire møta i fjor. I tillegg har økonomisjef, kommunalsjef teknisk (avgått og den nye), kommunalsjef oppvekst/kultur og kommunalsjef helse og meistring orientert i saker for utvalet.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2021

Kontrollutvalet har i 2021 hatt **4** (5) møte fordelt på to om våren og to på hausten. Dei to fyrste var digitale av smitteomsyn, mens dei to i haust blei halden på rådhuset. Møtet i juni blei avlyst. Kontrollutvalet har opne møte, men dei skal og kan bli lukka når det er heimla i lov.

Utvalet har i 2021 hatt **29** (32) saker til handsaming, der 4 (9) av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. **31** (55) saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På den digitale kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) i april deltok Årvik og Gjedrem. På den digitale konferansen til Forum for kontroll og tilsyn (FKT) i juni deltok ingen frå Tysvær. Det deltok heller ingen på samlinga «Kontrollutvalsleiarskulen» i september i regi av FKT. På dagskonferansen i Sandnes for kontrollutval i Rogaland i desember deltok leiar Apeland og medlem Årvik.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Herunder ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiding for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytte til kommunen sin eigenkontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk (GKR) og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i Teamsmøtet 18.05.21, sak 10/21 kommunen sin årsrekneskap for 2020 til handsaming. Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 74 mill. kr, som utgjer 6,4 % av driftsinntektene. Resultatet var betre enn året før (5,4 %), og det låg godt øve teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75 %.

Det gode sluttresultatet skyldast lågare pensjonskostnader og lønnsoppgjer enn forventa, og meir frå havbruksfond enn planlagt. Investeringane var høge, der mest gjekk til VA og nytt driftsbygg. Utviklinga av gjelda har auka dei siste åra og ligg øve måltall.

Revisor hadde levert rein revisjonsmelding. Kontrollutvalet hadde inga merknader til rekneskapen og slutta seg til framlegg til uttale.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og som kommunestyret skal vedta. Tysvær kommune sin plan for 2020-2024 blei vedteken av kommunestyret i møte 22.09.20, sak 82/20. Arbeidet med planen starta 2020 på nyåret med workshop og det blei utarbeida plan med risiko – og vurderingar der utvalet kom med si innstilling til kommunestyret. Vedtatt prioriteringsliste er følgjande:

1. Beredskap – hendingar og katastrofar
2. Reduksjon av framtidig inntektsgrunnlag
3. Barnevern
4. Kontraktsoppfølging

Utvalet valte prosjekt nr 2 i desember og prosjektmandatet til «*Effektivisering, forbedring og tjenestetilpasning*» frå Rogaland Revisjon blei vedtatt i mai. Rapport var klår i oktober og blei handsama i kontrollutvalet i november før oversending til kommunestyret sitt møte 16.12.21, sak 85/21.

Revisjonen hadde då intervju 32 personar og sett nærare på kvifor kommunen har høgare pleie- og omsorgsutgifter enn andre kommunar. Framlegg om tilrådingar om tiltak var i åtte punkt. Frist for tilbakemelding om oppfølging blei sett til 12 månader etter kommunestyret sitt vedtak, dvs. på nyåret 2023.

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt «*Turveg til Himakånå*» blei lagd fram for kontrollutvalet i februar og kommunestyret 16.02.21, sak 10/21. Kommunestyret tok rådmannen si tilbakemelding til orientering, men vedtok også følgjande:

Tysvær kommunestyre vil som læring framheve kor viktig det er med grundige forprosjekt og rett anbudsgrunnlag i framtidige byggeprosjekt, samt at kommunestyret legg til grunn for sitt politiske arbeid at ein skal ha godt gjennomarbeidde saksframlegg som grunnlag for vedtak i folkevalde organ.

Utvalet vedtok i februar ikkje delta i ein felles forvaltningsrevisjon med tema «*Haugalandspakken*» etter invitasjon frå Rogaland fylkeskommune. Utvalet fant prosjektmandatet interessant og ønskte difor å bli halden orientert. Rapporten var klår i november og handsama i fylkestinget i desember. Rapporten vil bli lagt fram for utvalet som referatsak på nyåret.

Utvalet vedtok i november ikkje delta i ein felles forvaltningsrevisjon «*Karmsund Havn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg*» etter invitasjon frå Karmøy kontroll- og kvalitetsutval.

Kontrollutvalet valde nytt prosjekt i desember. Dei vedtok prosjekt nr 3 om barnevernreforma knytte til «*Førebygging og tidleg innsats*» i barnehage og barneskule. Prosjektmandatet vil bli drøfta nærmare i fyrste møtet på nyåret.

Oversending av kommunestyrevedtak 15.06.21, sak 55/21 om Albatross-bygget ble oversendt sekretariatet 20.12.21 og vil bli lagt fram for vurdering for utvalet på nyåret.

Det same gjeld utvalsleiar sin oversending 08.12.21 til ordførar om bruk av fjernmøte ved kommunestyremøtet 14.12.21 og praksis generelt for bruk av fjernmøte.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføringa.

Planen for 2020-2024 og retningslinjene for selskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 22.09.20, sak 81/20. I planen er «Generell eigarstyring» sett opp fyrst, og så er selskapa Haugaland Kraft AS, HIM IKS, Haugaland Vekst IKS og Friluftsrådet Vest tatt inn som aktuelle prosjekt. Det blei 2021 ikkje tinga noko eige prosjekt.

Tilsyn med selskap kan også bli gjennomført ved at utvalet får orientering frå leiinga i kommunale selskap. Utvalet hadde i 2021 dagleg leiar for selskapet Haugaland Næringspark AS til å orientere om verksemda i novembermøtet.

I 2022 har utvalet vald ut selskapa Karmsund Havn IKS, Haugaland brann og redning IKS, Akسدal Næringspark AS og Tysvær Arena Drift Kraft AS til å komme og orientere.

4.4 REVISOR SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år eigenerklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

KPMG AS har vore kommunen sitt revisjonsselskap fram til 31.06.21. Frå 01.07.21 overtok Rogaland Revisjon IKS med revisor Tore Kristensen som oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Revisor Deanne Kvammen møtte for ham i september og deira forvaltningsrevisorar har delteke/møtt i tre av møta i 2021.

Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 15.06.21, sak 45/21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæringar, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar og utarbeida forvaltningsrevisjonsrapport.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Oppfølging av merknader til etterlevingskontrollen for 2019 ble lagd fram for utvalet i februar møtet. Alle dei seks avvika om innkjøp blei nærare forklart. I følgje rådmannen tar kommunen slik kontroll på alvor og jobbar målretta for å byggje kommunen som ein effektiv og profesjonell innkjøpsorganisasjon.

KPMG AS kom med sin uttale for 2020 med eit nummerert brev til administrasjonen der det var forhold knytte til berekning av sjølvkost som dei ønskte betre rutinar for når det gjeld dokumentasjon som grunnlag for skjønn.

Utvalet har bede om skriftleg tilbakemelding frå rådmannen innan 01.01.22 om oppfølginga av revisor sitt brev. Sak vil bli lagt fram for utvalet i fyrste møtet på nyåret.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan også skje ved at utvalet får orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har spurt om.

I februar møtet orienterte den nye økonomisjefen Meike Baumgart om sitt arbeids- og ansvarsområde. I maimøtet var det kommunalsjef helse og mestring Annbjørg Lunde som orienterte og i november møtet var det den nye kommunalsjefen innan teknisk sektor Asbjørn Moe som orienterte.

På bakgrunn i av oppslag i media om ønskte utvalsleiar ein orientering frå administrasjonen i november møtet om kommunen sitt arbeid og handtering av opplæringslova kap. 9 A. Kontrollutvalet vedtok då:

Utvalet har merka seg at rådmannen jobbar systematisk og kontinuerlig med å lukke avvika etter tilsyn ved to skular, og slikt utvalet ser det er kommunen godt i gang med å sørge for at alle born har eit godt og trygt skulemiljø i Tysvær kommune.

Utvalet er heller i 2021 ikkje blitt kontakta av innbyggjarar. Utvalet er då heller ikkje klageorgan for enkeltvedtak og skal heller ikkje overprøve politiske vedtak.

5 BUDSJETT/REKNESKAP- KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

ANSVARsomRÅDE 10010 REVISJON OG KONTROLLUTVAL	REGNSKAP 2020	BUDSJETT 2021	REGNSKAP 2021
Godtgjersle, kurs, m.m	81 757	100 000	48 733
Revisjonstenester (avt m/priv.)	565 291	550 000	561 453
Sekretariatstenester ((IKS)	205 000	212 000	212 000
Sum utgifter	852 048	862 000	822 186

Kontrollutvalet handsama hausten 2021 framlegg til budsjett 2022 for kontrollarbeidet i kommunen. Framlegg til budsjett var på **kr 1 330 000** eks mva. Framlegget blei lagt inn av administrasjonen i rådmannen sitt budsjettframlegg og blei vedteken av kommunestyret som ramme for 2022.

6. SEKRETARIATET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmannen eller revisjonen. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert i 2004 og vore i drift i 17 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og andre sekretariat, spesielt med Rogaland og Vestland.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Tysvær kommune er Kathrine Bakkevig valt som kommunen sin representant til representantskapet i IKSet og med Åsmund Sandvik som varamedlem. Bakkevig deltok på representantskapsmøtet 26.04.21, som igjen blei halde digitalt som følge av koronapandemien.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2021 har stort sett vore som planlagt, på tross av koronapandemien. To av møta blei halden digitalt og to har vore fysiske. Junimøtet blei avlyst.

I tillegg til uttale til årsrekneskapan, blei ein forvaltningsrevisjonsrapport om effektivisering, forbetring og tenestetilpassing innan pleie – og omsorgstenestene bestilt i mai og lagd fram for utvalet og kommunestyret i haust. Også ein oppfølgingssak om tidlegare prosjekt om turveg til Himakånå har blitt oversendt til kommunestyret.

Rogaland Revisjon IKS blei kommunen sin revisor frå 01.07.21.

Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt er gjort innan temaet «*tidlig innsats*» i barnehage og barneskule. Administrasjonen har gjort greie for saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Aksdal, den 15.02.22

Tysvær kontrollutval

Ola S. Apeland
leiar (sign.)

Karsten A. Larsen
(sign.)

Emly Årvik
(sign.)

Svein Terje Brekke
(sign.)

Marit Hølland Gjerdrem
(sign.)

OVERSYN OVER SAKER I 2021 – TYSVÆR KONTROLLUTVAL**Saker til handsaming:**

- 1/21 Godkjenning av protokoll frå møtet 08.12.20
- 2/21 Orientering frå administrasjonen - økonomisjefen
- 3/21 Oppfølging av etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2019
- 4/21 Prosjektet «Turveg til Himakånå» - rapport frå rådmann og ordførar
- 5/21 Invitasjon til deltaking i forvaltningsrevisjon av Haugalandpakken
- 6/21 Kontrollutvalet si årsmelding for 2020
- 7/21 Referat- og orienteringssaker 02.02.21

- 8/21 Godkjenning av protokoll frå møtet 02.02.21
- 9/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef helse og mestring
- 10/21 Uttale om Tysvær kommune sin årsrekneskap 2020
- 11/21 Prosjektmandat – forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Effektivisering»
- 12/21 Referat- og orienteringssaker 18.05.21

- 13/21 Godkjenning av protokoll frå møtet 18.05.21
- 14/21 Plan for orienteringar frå administrasjonen eller om kommunale selskap
- 15/21 KPMG AS – forenkla etterlevingskontroll for revisjonsåret 2020
- 16/21 Rogaland Revisjon IKS- revisor si rolle og ansvarsområde - engasjementsbrev
- 17/21 Revisor sine eigenmeldingar for 2021
- 18/21 Orientering om revisjonsstrategi for revisjonsåret 2021
- 19/21 Budsjettframlegg for 2022 – kontrollarbeidet i kommunen
- 20/21 Referat- og orienteringssaker 21.09.21

- 21/21 Godkjenning av protokoll frå møtet 21.09.21
- 22/21 Orientering – Haugaland Næringspark AS
- 23/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef teknisk
- 24/21 Orientering - kommunen sitt arbeid og handtering av opplæringslova § 9A
- 25/21 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Effektivisering, forbetring og tenestetilpasning»
- 26/21 Invitasjon om felles forvaltningsrevisjon - Karmsund Havn IKS og eierforholdet til kommunale havner og kaianlegg
- 27/21 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2022
- 28/21 Møteplan for 2022
- 29/21 Referat- og orienteringssaker 09.11.21

Referat- og orienteringssaker 2021 - Tysvær kontrollutval

Møte nr. 1

1. Statusrapport pr. januar 2021
2. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 02.12.20
3. Innkalling til ekstraord. representantskapsmøte 21.01.21- Karmsund Havn IKS
4. Brev om val av forvaltningsrevisjonsprosjekt 2021 til Rogaland Revisjon IKS
5. Kommunal rapport 15.12.20 – Kommunale kontrollutval – lokaldemokratiets vaktbikkje

Møte nr. 2

6. Statusrapport pr. mai 2021
7. KST- vedtak 16.02.21 , sak 10/21- Turveg til Himåkåna
8. KST- vedtak 16.02.21 , sak 11/21- Kontrollutvalet – årsmelding 2020
9. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland brann og redning IKS
10. Representantskapsmøte 26.04.21 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
11. Representantskapsmøte 27.04.21 – IKA Rogaland IKS
12. Representantskapsmøte 27.04.21 – Haugaland Vekst IKS
13. Generalforsamling 30.04.21 – Haugaland Kraft AS
14. Representantskapsmøte 26.05.21 – HIM IKS
15. Saksframlegg vedk. om opptak av nye deltakarar i Rogaland Revisjon IKS
16. KDM mars 20201 – Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskrifta
17. NKRF Kontrollutvalgskonferanse 21.-22.04.21 – Årvik og Gjedrem deltok digitalt
18. Invitasjon til digital FKT sin konferanse 1.-2.juni 2021

Møte nr. 3

18. Statusrapport pr. august 2021
19. Løypemelding frå forvaltningsrevisor om prosjektet «Effektivisering»
20. KST -vedtak 15.06.21, sak 45/21 – Godkjenning av avtaler med Rogaland Revisjon
21. Krisesenter Vest IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.06.21
22. Haugaland Brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøtet 24.08.21
23. Statsforvaltaren i Rogaland - Tilsynsrapport – grunnskuleopplæring for vaksne
24. FKT - medlemsinformasjon juni 2021

Møte nr. 4

25. Statusrapport pr. november 2021
26. KST-vedtak 28.09.21, sak 57/21 og brev frå politisk sekretariat om endring av verv
27. KST-vedtak 26.10.21, sak 77/21 – Tertialrapport 2/2021
28. Haugaland brann og redning IKS – innkalling til representantskapsmøte 12.11.21
29. FKT – medlemsinformasjon september 2021
30. Invitasjon – Konferanse for kontrollutvalgene i Rogaland 02.12.21 i Sandnes
31. NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2022 på Gardermoen 02.-03.02.22
